



# STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Hordaland Fylkeskommune  
Kulturavdelinga  
(sendast kun på e-post)

Dykkar ref.

Vår ref. 15/0803/626M

Bergen, 25.09. 2015

## **Vedr. Manger industriområde, Kjebogen, Gbnr 45/10 m.fl PlanID 12602015000200 , Radøy kommune – resultat frå marinarkæologiske registreringar.**

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka der Bergens Sjøfartsmuseum varsla krav om marinarkæologiske undersøkingar til oppstart i saka 31.08. 2015.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 16.09. 2015 dei marinarkæologiske undersøkingane i tiltaksområdet. Sjå rapport.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14 (skipfunn eldre enn 100 år) som vil ha innverknad på planarbeidet.

Vi har elles ingen andre merknader til planarbeidet.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrek, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

**Venleg helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM**

Tord K. Karlsen  
Saksbehandlar marinarkæologi  
Direkte telefon: 55549604.  
E-postadresse: [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)  
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>

<i>Postadresse</i> Postboks 7800 5020 Bergen E-post: <a href="mailto:bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no">bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no</a> Hjemmeside: <a href="http://www.bsj.uib.no">www.bsj.uib.no</a>	<i>Kontoradresse</i> Haakon Sheteligs plass 15 5007 Bergen Telefon: 55 54 96 00	<i>Bankgiro</i> 1602 40 76168	<i>Org.nr.</i> 980 769 798 MVA
--	--	----------------------------------	-----------------------------------